



## Tilleggsinnkalling av Eldreråd

**Møtedato:** 19.04.2021  
**Møtestad:** Teams  
**Møtetid:** 12:00 - 16:00

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Det vert felles orienteringsmøte for eldrerådet/råd for menneske med nedsett funksjonsevne og ungdomsrådet kl. 12.00. Deretter går råda i eigne møte for vedtakssaker.

### Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
022/21	Høringsuttale - planprogram for regional plan for kultur, idrett og friluftsliv

14. april 2021

Olav Magnus Steinsland  
møteleiar

Arthur Kleiveland  
møtesekretær

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FA-C00, FE-130, TI-&13  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 10.04.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
022/21	Eldreråd	19.04.2021
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	
020/21	Ungdomsråd	19.04.2021
	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	
	Alver kommunestyre	

## Høyringsuttale - planprogram for regional plan for kultur, idrett og friluftsliv

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner høyringsinnspillet, slik det ligg føre i saka.

Høyringsinnspillet vert oversendt i form av eit eige dokument, med saksframlegget som vedlegg.

### Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsrådet, eldrerådet, råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saka skal avgjerast i kommunestyret

### Bakgrunn

Vestland fylkeskommune vedtok den 3. mars å sende framlegg til planprogram for regional plan for kultur, idrett og friluftsliv på høyring.

Planprogrammet er forankra i den regionale planstrategien *Utviklingsplan for Vestland*, og planarbeidet skal gå over to år. Planen skal vere ein revisjon av dagens to gjeldande regionale kulturplanar og gjelde frå 2023 til 2035.

Det har hittil i prosessen vore høyringsmøte for det administrative leddet i kommunane den 16. mars, der Alver deltok. Vidare har råda i kommunen deltatt på arbeidsmøte med Vlfk den 9. april.

### Saksopplysningar:

Planprogrammet legg fram prosessen, overordna tidsplan, framlegg til organisering og medverknad – i tillegg til fire sentrale plantema. Fylkeskommunen ønskjer særleg innspel til framlegget til val av plantema og viktige problemstillingar innan desse, samt medverknadsdelen av planarbeidet.

Høyringsfristen er 20. april 2021 og det er bede om å få levere høyringsinnspel etter frist, med bakgrunn i fastsette datoar for politiske møte i Alver. Kommunen ventar tilbakemelding på førespurnaden, men legg til grunn i sakshandsaminga at utsett frist vert gitt.

Føremålet med planen er å peike ut ei retning for sektoren i Vestland, og for det breie kulturfeltet. Det vert vidare understreka at planen ikkje er for fylkeskommunen aleine, men for heile regionen, og føreset breitt samarbeid.

Planarbeidet skal omfatte det utvida kulturomgrepet – kulturarv, kulturformidling, idrett, friluftsliv, profesjonell kunst og kultur, kulturinstitusjonar og frivilligheit, med inkludering og integrering som eit gjennomgåande perspektiv. Den ferdige planen skal gjelde for åra 2023 til 2035.

Den førebelse visjonen for planarbeidet er at *...vi skal ha eit rikt og mangfaldig kulturliv i heile fylket til glede og nytte for alle innbyggjarane...* Vidare legg ein til grunn at *...kulturfeltet skal bidra til utvikling av Vestland gjennom kulturen sin skapande og samfunnsbyggande kraft*. Planarbeidet skal stå i høve fylkeskommunen sitt samfunnsoppdrag, der *den langsiktige visjonen «Nyskapande og berekraftig» stakar ut kursen for den regionale politikken*.

Planarbeidet skal følgje opp Vestland sitt mål om Vestland som leiande kulturregion, og inkludere eit breitt sett aktørar i ein open og medverkande prosess. Planprogrammet peiker vidare på at regional planlegging og samordning er viktig med bakgrunn i at kulturfeltet i mindre grad er lovregulert, og at det er utfordringar knytt til samordning mellom forvaltingsnivåa.

Planarbeidet skal trekke opp breie utfordringar, identifisere satsingar der regionen kan spele ei avgjerande rolle både internasjonalt, nasjonalt og lokalt, og vise tverrsektorielle utfordringar og behov for temaplanar og strategiar.

Namn på planen skal definerast i planprosessen.

Planen skal stå i høve Vestland sitt plansystem, FNs berekraftsmål, nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging og nasjonale mål for kultur, idrett og frivilligheit.

Tidsplanen for planprosessen er handsaming av planprogrammet juni 2021, med ferdig plan og handlingsprogram oktober 2022.

Medverknad skal gå føre ved innspelsmøte, tema- og arbeidsmøte, konferansar, undersøkingar og kunnskapsgrunnlag, samt formelle høyringsrundar.

Planprosessen skal utarbeide og innhente ei rekke kunnskapsgrunnlag, ta omsyn til demografiske og geografiske variasjonar.

Framlegg til sentrale plantema er (1) Vestland som leiande kulturregion, (2) eit berekraftig kulturliv, (3) deltaking, medborgarskap og mangfald og (4) kulturell verdiskaping.

## **Vurdering**

Vestland fylke ønskjer særleg innspel knytt til dei sentrale plantema og medverknadsdelen av planarbeidet.

Vestland som leiande kulturregion

Eit berekraftig kulturliv

Deltaking, medborgarskap og mangfald

Kulturell verdiskaping

Vidare er det

Det utvida kulturomgrepet vert nytta i planprogrammet, og ligg til grunn for prosessen knytt til ein felles og brei regional plan for heile feltet, inkludert idrett. Målsettinga ved å omhandle ein slik mangfaldig sektor i eitt plandokument er å finne fellesnemnarar og felles satsingar som kan trekke fram mot felles mål, etter ulike føresetnadar.

Gåande planprosessar i nye samanslåtte kommunar.

Innhald i indekser

Særtrekk

Utgreiingar

Plantema

Opne og inkluderande arenaer og digital deltaking

Medverknad – lokale råd + lokale kultur- og idrettsråd

Omegnskommune

Arenapolitikk

Visjonen til planarbeidet er førebels, og lagt fram som *vi skal ha eit rikt og mangfaldig kulturliv i heile fylket til glede og nytte for alle innbyggjarane*. Visjonen kan sjåast på som ein grunnleggande faktor i ein allereie leiande kulturregion som Vestland, og det vert vurdert til at

**Høyringsinnspel**

**Vedlegg i saka:**

10.04.2021

Høyring regional plan for Kultur, idrett og friluftsliv

1540845

Gode høyringspartar!

## Høyring planprogram - regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023 - 2035 Vestland. Invitasjon til innspelsmøte 16.03.21

Fylkesutvalet vedtok 03.03.21 å sende framlegg til planprogram for *Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023 - 2035 Vestland* på høyring og offentlig ettersyn etter plan- og bygningslova § 7-1.

Vi ønskjer innspel innan høyringsfristen 20. april 2021.

Det vert arrangert digitale høyringsmøte 16. mars 2021. Meir informasjon om planarbeidet finn de på Vestland fylkeskommune sine nettsider:

<https://www.vestlandfylke.no/kultur/regional-plan-for-kultur-idrett-og-friluftsliv>

### Bakgrunn:

Føremålet med regionale planar er å mobilisere og samordne innsatsen i fylket og fremje brei, open og inkluderande verdiskaping. Arbeidet med ein regional plan skal byggje på eit planprogram. Planprogrammet gjer greie for føremålet med arbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, medverknad, alternativ som vert vurderte, og behovet for utgreiingar.

Regional plan kultur, idrett og friluftsliv 2023 - 2035 skal formulere viktige utfordringar, sette strategisk retning og syne korleis kultur, idrett og friluftsliv kan bidra i samfunnsutviklinga. Den plasserer ansvar, og mobiliserer stat, kommunar og sivilsamfunn i heile Vestland til samhandling. Fylkeskommunen koordinerer og driv fram planarbeidet i kraft av sitt regionale planmynde.

Dette er ikkje ein fylkeskommunal plan, men ein plan for heile Vestland. Planen har ei geografisk (Vestland fylke) og ei tematisk avgrensing (det breie kulturfeltet), og eit 12-årig perspektiv.

Planprogrammet gjer framlegg om fire plantema. Desse skal vere så relevante som mogeleg, vere utgangspunkt for arbeid på tvers av sektorane, og løfte fram kultur i realisering av den vedtatte utviklingsplanen for Vestland.

- Vestland som ein leiande kulturregion
- Eit berekraftig kulturliv
- Deltaking, medborgarskap og mangfald
- Kulturell verdiskaping

Plantema vert nærare skildra i planprogrammet sitt kapittel 6.

Vestland fylkeskommunen inviterer alle relevante aktører til å gi høyringsinnspel. Særleg gjeld dette følgande:

- val av plantema
- problemstillingar som er viktige innan dei føreslegne plantema
- medverknad i planarbeidet
- andre relevante innspel i planarbeidet

Meir informasjon om planarbeidet finn de på Vestland fylkeskommune sine nettsider:

<https://www.vestlandfylke.no/kultur/regional-plan-for-kultur-idrett-og-friluftsliv>

## Digitale høyringsmøte

Det vert arrangert fleire digitale høyringsmøte **16. mars 2021**. Møta vert innretta etter ulike deltakargrupper, men det er høve til å melde seg på det/dei møta ein ønskjer å delta på uavhengig av organisasjonstilknytning. Meir informasjon finn de nettsida vår. **Påmeldingsfrist er 14. mars 2021**.

Vi ønskjer at de sender innspel via skjema på høyringssida, men innspel kan også sendast til [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) Merk innspela med referanse 2021/2427.

Høyringsfristen er 20. april 2021.

Eventuelle spørsmål kan rettast til:

Sissel Lillebø Aarseth, [sissel.lillebo.aarseth@vlfk.no](mailto:sissel.lillebo.aarseth@vlfk.no) mob. 911 52 030.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

Ingebjørg Erikstad  
konstituert seksjonssjef

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*